



Voss herad



EIGARSKAPSMELDING 2022

November 2023



Innhald

INNLEIING	3
BAKGRUNN	3
Eigarskapspolitikk i Voss herad	3
Kva seier eigarskapspolitikken om eigarskapsmelding?.....	3
Anna oppfølging	4
Innsamling av informasjon	4
EIGENVURDERING – PRINSIPP FOR GOD EIGARSTYRING	5
Prinsipp for eigarskapsstyring i Voss herad	5
Kontrollutvalet si rolle.....	9
Styret si rolle og ansvar	10
Opplæring og informasjon til folkevalde	11
Gildskap og politisk representasjon i styra	11
Samfunnsansvar	12
Dei kommunale selskapa som spydspissar i klimaarbeidet.....	13
TILBAKEMELDING FRÅ SELSKAPA	14
Voss Energi AS	14
Voss Parkering AS.....	15
Voss Eigedom AS.....	16
Hagahaugen AS	17
KVEIK AS	18
Indre Hordaland Miljøverk (IHM)	19
Stasjonsgarasjen Voss AS.....	20
 Vedlegg	
Bokførte verdier i Voss herad per 31.12.2022.....	21



INNLEIING

Voss herad og Vossevangen skal vera ei drivkraft for vekst i regionen – både for nabokommunane, og overfor eigne lokalsenter og nærsenter. Visjonen som vert lagt til grunn for Voss herad er å vera eit sterkt regionsenter med levande bygder. Selskapa våre skal vera eit viktig verkemiddel i arbeidet med mål og delmål satt i kommuneplanen.

Dei kommunale selskapa representerer store verdier og sjølv styringa av selskapa ligg utanfor kommuneadministrasjonen og dei politiske organa sine styringslinjer. Selskapa sine strategiske mål vert i stor grad utforma av styra. Styret har også ansvar for å vidareutvikla selskapsstrategien og arbeida for å realisera selskapa sine mål.

Eigarskapspolitikk i Voss herad vart vedtatt i Heradsstyret 18. juni 2020, sak 55/20. Denne vert nytta som grunnlag for utarbeiding av eigarskapsmelda.

Kommunedelplan for klima, klimatilpassing og grøn omstilling, [Vossaklima 2030](#), vart vedteken november 2022. Her er eit eigesatsingsområde som handlar om dei kommunale selskapa som spydspissar i klimaarbeidet vårt. Eigarskapsmelding 2022 inneheld difor eit eige punkt som handlar om nettopp dette.

Eigarskapsmelding 2022 omfattar vurdering av sju selskap.

BAKGRUNN

Eigarskapspolitikk i Voss herad ¹

Voss herad er ved inngang til 2023 eigar eller deleigar i 30 ulike selskap stiftingar og lag. Samla bokførte verdier i desse utgjør pr. 31. desember 2022 om lag 219 millionar kroner.

Forventningane i eigarskapspolitikken gjeld alle selskap heradet har eigarinteresser i. Eigarskapspolitikken skal medverka til god politisk styring og kontroll i tillegg til å leggja rammene for korleis kommunen skal utøva sitt eigarskap. Eigarskapspolitikken skal slik styrka eit godt eigarskap, no og i framtida.

Kva seier eigarskapspolitikken om eigarskapsmelding?

Eigarskapsmeldinga er del av kommunen sin eigarskapspolitikk og skal sikra nødvendige styringssignal til selskapa samt tydeleggjera politikarane sitt ansvar. Eigarskapsmeldinga vert laga med utgangspunkt i lover, retningslinjer og vedtekne kommunale styringsdokument, samt innsamla informasjon frå dei selskapa som skal inn i eigarskapsmeldinga. Kva selskap/ føretak som skal inngå i den årlege eigarskapsmeldinga vil kunna variera, men skal som eit minimum omfatta aksjeselskap som heradet eig fullt ut.

Selskapa skal etter gjennomført generalforsamling eller liknande senda protokoll frå generalforsamlinga inkl. årsmelding til kommunen. Selskap som ikkje har lovpliktig rett til å utarbeida årsmelding, skal utarbeida og senda inn årsrapport. All anna relevant informasjon knytt til punkt i eigarstrategi skal også sendast fram. Samla vil dette utgjera ein viktig del av kommunen si eigarskapsmelding.

¹ <https://voss.herad.no/politikk-og-administrasjon/om-voss/eigarskap/eigarskapspolitikk/>



Eigarskapsmeldinga skal vera eit:

- grunnlag for gjennomtenkt eigarskap og ansvar knytt til det.
- grunnlag for selskap til å driva aktivitet i tråd med strategi frå eigar.
- styringsgrunnlag for eigar og selskap når det skal gjerast konkrete val og vedtak.

Heradsstyret skal årleg handsama ei eigarskapsmelding som mellom anna inneheld:

- Oversikt over eigarinteresser.
- Føremål med selskapa.
- Styresamansetting for selskapa.
- Generelle retningslinjer for dei kommunale selskapa.
- Vurdering av måloppnåing målt opp mot føremål og styringsdokument.

Anna oppfølging

Eigarstrategiar

For selskap og eigardeler heradet finn det relevant, skal det utarbeidast eigen eigarstrategi. Kvar eigarstrategi skal definera kva forventningar heradet har til selskapet og innehalda strategiar og eigarkrav. Selskapet sine vedtekter/ selskapsavtale/ føremålsparagraf vil vera sentralt i utarbeiding av eigarstrategi. Politisk vedteken eigarstrategi vil sidan binda deltakarane i generalforsamling og representantskap.

I samband med handsaming av heradet sin eigarskapspolitikk våren 2020, vart det fatta vedtak om at eigarstrategiar skal utarbeidast for dei selskapa heradet eig 100%. Arbeidet med å utarbeida selskapsvise eigarstrategiar for Voss Energi og Voss Parkering har starta opp og vert lagt fram til politisk handsaming på nyåret 2023.

Eigarmøte

Voss herad skal gjennomføra minst to eigarmøte med selskapa i løpet av valperioden. Voss herad skal i eigarmøta vera representert med formannskapet og rådmannen. Selskapet skal som minimum vera representert med styreleiar og dagleg leiar.

Frå 2021 vart eigarmøte med selskapa lagt inn i årshjulet til Formannskapet. Dagleg leiar i selskapa Hagahaugen, Voss Eigedom, Voss parkering og Kveik presenterte status i selskapa i FPL april 2022.

Voss Energi har hatt møter med ordførar og rådmann. IHM nyttar representantskapsmøta som eigarmøter. Stasjonsgarasjen har ikkje hatt eigarmøter i 2022.

Innsamling av informasjon

Alle selskapa har sendt inn informasjon om eigarinteresser, formål, styresamansetting etc.



EIGENVURDERING – PRINSIPP FOR GOD EIGARSTYRING

Prinsippa skal avklara roller og visa tydeleg retning for korleis kommunen skal opptre som eigar. Prinsippa kjem i tillegg til gjeldande lover på området. Vilkår kring eigarskapsstyring for det einskilde selskapet vert gjort i vedtekter, aksjonæravtalar eller eigarstrategiar.

Prinsipp for eigarskapsstyring i Voss herad

Voss herad sin eigarskap skal fremja samfunnsansvarleg forretningsdrift og berekraftig samfunnsutvikling. I selskap som kommunen har eigarinteresser i, skal all aktivitet kvila på same normer og etiske retningslinjer som for Voss herad. Kommuneplanen til Voss herad er tufta på FN sine berekraftsmål og selskapa våre skal arbeida for å dei FN berekraftsmåla som er relevante for dei.



Status 2022:

	Vurdering av FN sine berekraftsmål
Voss Energi	Berekraftsmåla 7 (rein energi), 9 (industri, innovasjon og infrastruktur, 12 (ansvarleg forbruk og produksjon), 13 (stoppa klimaendringane) og 15 (livet på land)
Voss Parkering	Ikkje konkretisert spesifikk FN17 mål
Voss Eigedom	Berekraftsmål nr. 11 - Gjera byar og lokalsamfunn inkluderande, trygge, robuste og berekraftige.
Hagahaugen	Berekraftsmåla. 3 (god helse og livskvalitet), 5 (likestilling mellom kjønna), 8 (anstendig arbeid og økonomisk vekst) og 13 (stoppe klimaendringane) er relevante for Hagahaugen AS.
Kveik	Relevante berekraftsmål for Kveik as er God helse og Livskvalitet (mål 3), God utdanning (mål 4) og Ansvarleg forbruk og produksjon (mål 12)
IHM	Berekraftsmåla mål 11 (berekraftige byar og samfunn) og mål 12 (ansvarleg forbruk og produksjon) er direkte relatert til IHM sin drift. I tillegg er fylgjande mål høgaktuelle :Mål 8 (Anstendig arbeid og økonomisk vekst). Mål 9 (Innovasjon og infrastruktur), mål 17 (Samarbeid for å nå måla). Måla om Liv under vatn (14), Liv på land (15), Stoppa klimaendringane (13), Rein energi (7) og God helse (3) er også samanfallande med kjerneaktivitetar i IHM.
Stasjonsgarasjen	Ikkje konkretisert spesifikk FN17 mål

For dei selskap og eigardeler kommunen som eigar finn det relevant, skal eigarstrategiar utarbeidast. Selskapsvise eigarstrategiar skal gje klare og langsiktige mål for selskapet. Styret er ansvarleg for at måla vert realisert.

Arbeidet med selskapsvise eigarstrategiar for Voss Energi og Voss Parkering har starta opp og vert lagt fram til politisk handsaming på nyåret 2024.



For selskap som opererer i ein marknad, skal det setjast opp utbyte- og avkastningskrav. For selskap som har andre spesifikt definerte mål, vil avkastningsforventingar verta erstatta av andre mål.

Status 2022:

	Utbyte/ avkastingskrav – andre effektmål
Voss Energi	Viser til gjeldande avtale med Voss herad om ansvarleg lån og avtale om utbytte maksimalt 60% av gjennomsnittleg årsresultat siste 5 år. Styret har som mål at eigenkapitalandelen på sikt skal vera over 25 %. Avkastningskrav vert integrert i eigarstrategi som er under utarbeiding.
Voss Parkering	Nei Eigarstrategi for Voss Parkering vil konkretisera kva effektmål verksemda skal arbeida med for framtida.
Voss Eigedom	Ikkje krav til utbyte/ avkastning, men selskapet skal gå med overskot kvart år.
Hagahaugen	Nei. Selskapet kan ikkje betala ut utbytte.
Kveik	Nei. Det er vedtaksfesta at det ikkje vert tatt ut utbytte i Kveik.
IHM	Nei
Stasjonsgarasjen	Nei

Styret skal ha ein uavhengig kontrollfunksjon. Voss herad fremjar sine interesser overfor selskap gjennom generalforsamling, representantskap og eigarmøte.

Godtgjersle til styra i selskapa skal vera på eit moderat nivå, men høgt nok til at det fremjar verdiskaping, og er rimeleg ut i frå styret sitt ansvar, kompetanse, tidsbruk og kompleksiteten i arbeidet.

Status 2022:

2022	Tilsette (Årsverk)	Omsetnad Mill.kr	Kompleksitet ²	Styreleiar	Nestleiar	Medlem
Voss Energi	52	624,4	6	129.000	93.000	44.200
Voss Parkering	5	14,9	3	90.000	35.000	25.000
Voss Eigedom	0 ³	7,2	2	69.400	34.700	28.600
Hagahaugen	6 (3,5)	9,6	3	67.900	40.800	32.600
Kveik	25	19,5	3	91.000		34.000
IHM	30	71,7	4	183.229	66.344	11.500 - 40.600
Stasjonsgarasjen	0	2	2	0	0	0

² Rådmannen si vurdering av kompleksitet i arbeidet, skala 1 – 6.

³ Dagleg leiar er tilsett i Voss herad og leigd ut til Voss Eigedom



Lønnsnivået for leiar i selskap der kommunen eig ein vesentleg del, skal liggja på eit konkurransedyktig nivå, men skal ikkje vera lønnsleiande

Status 2022:

	Løn dagleg leiar
Voss Energi	1.504.887
Voss Parkering	980.256
Voss Eigedom	680.000
Hagahaugen⁴	365.367
Kveik	930.000
IHM	1.020.000
Stasjonsgarasjen⁵	0

Det skal nyttast valkomité i samband med val av medlemer til styra. Styret skal vera kjenneteikna av kompetanse, kapasitet og mangfald ut frå eigenarten til selskapet og kommunen sine mål med eigarskapen.

Heradsstyret vel kommunen sine representantar etter innstilling frå heradsstyret si valnemnd. Valnemnda skal nytta heradet sin database for styrekandidatar til kommunale verv i arbeidet med å finne relevante nye styremedlemmer. I si innstilling må valnemnda ta omsyn til selskap sine kompetansebehov i styret. Voss herad skal arbeide for ei jamn kjønnsfordeling i styra dei vel styremedlemmar til. Voss herad skal til vanleg ha minimum 40 % frå kvart kjønn. Dei kommunale styra er gjennomgåande prega av ei jamn kjønnsfordeling.

Årsskiftet 2018 - 2019 vart det oppretta eigen database for potensielle styrekandidatar. Det er i dag om lag 50 namn i databasen, og av dei om lag 2/3 kvinner. Kandidatane i databasen syner breidde i erfaring og kompetanse, og er eit godt utgangspunkt for å setja saman gode styrer. Det er likevel grunn til å vurdere rekrutteringskampanje for å få med fleire.



⁴ Dagleg leiar er innleigd på deltid, og vert betalt for medgått tid. Dagleg leiar dekkjer sjølv arbeidsgjevaravgift, forsikring, pensjon og andre sosiale kostnader.

⁵ Det er ikkje tilsett dagleg leiar i Stasjonsgarasjen. Kontaktperson for selskapet sitt i Banenor.



Kapitalstrukturen i eit selskap skal vera tilpassa føremålet med eigarskapen og selskapet sin aktuelle situasjon.

Status 2022:

	Er kapitalstruktur tilpassa føremål og dagens situasjon?
Voss Energi	Ja
Voss Parkering	Ja
Voss Eigedom	Selskapet har låg kapitalbase i høve til planlagde oppgåver
Hagahaugen	Selskapet har stor gjeld, som kjem av investering i 2009/10. Langsiktig gjeld er på 41.937.300 per 31.12.2022. Rentekostnader i 2022 var kr. 1.162.492. Tilsvarende i 2021 var 565 468. Det er venta høgare rentekostnader framover. Avskrivningar varige driftsmidlar var i 2022 kr. 2 558.647. Selskapet har høg gjeld i høve omsetnad. Selskapet er med normale leigeinntekter og andre driftsinntekter ikkje i stand til å handtere gjeld i den storleiken utan årleg kapitalkostnad frå eigar.
Kveik	Ja.
IHM	Ja
Stasjonsgarasjen	God egenkapital. Selskapet vil betala ned kortsiktig gjeld med midlar på bankkonto og restrukturera finansiering slik at balansen i 2023 vil bli vesentleg lågare på eigendels- og gjeldssida

Det skal vera opne forhold omkring eigarskapen til Voss herad og aktiviteten i selskapa.

Voss herad har oppdatert heimesida med informasjon om eigarskap. På [Eigarskap - Voss herad](#) finn ein no både gjeldande eigarskapspolitikk, eigarskapsmelding og detaljert informasjon om dei mange selskapa.

Det å skapa opne forhold kring eigarskapen er også varetatt gjennom at flest mogeleg av eigarskapsmøta no vert halde i samband med formannskapet sine møter.



Voss heradsstyre har både eit tilsyn- og kontrollansvar for å sikra at kommunen når måla sine, at regelverket vert etterlevd og at det vert teke etiske omsyn. Tilsyn/kontroll vert utført gjennom blant anna rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.

Kontrollutvalet si rolle

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen sine eigarskap vert forvalta i tråd med kommunestyret sine vedtak og føresetnader. Eigarskapskontroll er ei av dei pålagde oppgåvene til kontrollutvalet, og eit viktig verkemiddel for å sikra at selskapa er under demokratisk styring og kontroll (Kontrollutvalsboka, s. 59). Kontrollutvalet skal sørge for at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon i kommunen og selskapa kommunen har eigarinteresser i, og at kommunen sine eigarinteresser i selskap blir kontrollerte (Kontrollutvalsboka s. 41).

I kommunelova § 23-3 står mellom anna følgjande om **forvaltningsrevisjon**:

..Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, regeletterlevelse, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak. Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper....

Vidare står det i kommunelova § 23-4 mellom anna følgjande om **eigarskapskontroll**:

...Eierskapskontroll innebærer å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser, gjør dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og anerkjente prinsipper for eierstyring. Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for hvilke eierskapskontroller som skal gjennomføres...

Plan for eigarskapskontroll 2020 – 2024 vart vedteke i Heradsstyret 19/11 – 2020 , sak 112/20 med følgjande ordlyd:

Med grunnlag i risiko- og vesentlegvurdering, innstiller kontrollutvalet til plan for eigarskapskontroll 2020 – 2024 med følgjande prioriterte område: 1) Voss Eigedom AS, 2) Hagahaugen AS og 3) Eigarskapsforvaltning.

Kontrollutvalet oppsummerte sitt arbeid med å følge opp plan for eigarskapskontroll i sak 1034/22. Kontrollutvalet har i perioden 2019 - 2023 gjennomført eigarskapskontroll knytt til fyrste prioriterte område på planen. Vestlandsrevisjon IKS gjennomførte prosjektet «Eigarskapskontroll Voss Eigedom AS» og rapporten vart handsama av kontrollutvalet i sak 1017/22. Rapporten, med innstilling til vedtak frå kontrollutvalet, vart sendt til heradsstyret for endeleg handsaming (heradsstyresak 1022/22).

Det har ikkje vore økonomisk rom for å setja i gong fleire eigarskapskontrollar i denne kommunestyreperioden. Det vart ikkje prioritert å gjera forvaltningsrevisjon av kommunale selskap i plan for forvaltningsrevisjon, som vart vedteken av heradsstyret i sak 111/20.



Styret si rolle og ansvar

Styret har ansvar for at eit selskap vert forvalta i tråd med eigar sine interesser. Styret skal ta vare på den strategiske leiinga av selskapet innanfor dei rammene som er gjeve av eigar.

Styret skal vera ein viktig diskusjonspartner og støttespelar for leiinga i større saker, men må òg kunna utfordra dagleg leiar og verksemda på ein konstruktiv måte slik at det vert teke gode avgjerder. Styret må ha ei uavhengig rolle til leiinga og kontrollere leiinga på grunnlag av vedtekne målsetjingar.

Styret skal etablere følgjande rutinar:

- Fastsetja styreinstruks og instruks for dagleg leiar med særleg vekt på ei klar intern ansvars- og oppgåvefordeling.
- Gjennomføra eigenevaluering kvart år.
- Vurdera behovet for ekstern styreopplæring. Nye styremedlemar må få opplæring om ansvar, oppgåver og rollefordeling.
- Gjennomføra eigne styreseminar om roller, ansvar og oppgåver.
- Fastsetja ein årleg plan, medrekna møteplan, for arbeidet sitt med vekt på mål, strategi og gjennomføring.
- Jamleg gjennomføra gjennomgang av vedtekter og selskapsavtale for å halde desse aktuelle.
- Etablere faste rutinar for å handtera moglege habilitetskonfliktar.
- Fremja økonomiplan og årsbudsjett i samsvar med statlege og lokale føringar.
- Gjennom årsmeldinga gje ei samla oversikt av selskapet si styring og leiing.
- Senda kommunen innkalling til generalforsamling/ årsmøte seinast seks veker før møtedato.
- Registrera styremedlemmer i www.styrevervregisteret.no.

Innsamla informasjon frå selskap og føretak syner slik status:

2022	<i>Instruks for styret</i>	<i>Instruks for dagleg leiar</i>	<i>Eiga ekstern styreopplæring</i>	<i>Årleg plan for styret sitt arbeid</i>	<i>Styreseminar</i>	<i>Gjennomført eigenevaluering</i>
Voss Energi	Ja	Ja	Opplæring 2021/ på planen for 2023	Ja	Ja	Ja (god)
Voss Parkering	Ja	Ja	Nei	Ja	Nei	kontinuerleg
Voss Eigedom	Ja	Nei	Nei	Nei	Nei	Ja
Hagahaugen	Ja	Ja	Nei	Ja	Nei	Ja (god)
Kveik	Ja	Ja	Ja	Ja	Ja	Ja (god)
IHM	Ja	Ja	Nei	Ja	Nei	Ja
Stasjonsgarasjen	Nei	Nei	Nei	Nei	Nei	Ja

Alle selskap, med unntak av Stasjonsgarasjen, er registrerte i www.styrevervregisteret.no.

Ikkje alle selskapa har oppdatert registeret med nye styremedlemmar.



Opplæring og informasjon til folkevalde

Voss herad arrangerer opplæring i eigarstyring for folkevalde og styremedlemmar i kommunale selskap kvar valperiode. Dei einskilde selskapa har ansvar for supplerande opplæring i rolla som styremedlem.

Voss herad arrangerte opplæring i regi av KS – konsulent i oktober 2019. Då fleire av selskapa har fått fleire nye styremedlemmar har det komme ynskjer om at heradet tek initiativ til ny opplæring innom kort.

Gildskap og politisk representasjon i styra

Voss herad skal vere restriktiv med å ha ordførar og varaordførar i selskap der dei også kan utgjera generalforsamlinga. Rådmann, kommunalsjefar og einingsleiarar skal som utgangspunkt ikkje kunna vera styremedlem i selskapa.

Voss herad vil praktisere ei strengare ordning for ugildskap enn det forvaltningslova legg opp til. I tilfelle der politikarar som er styremedlem i verksemdar som er unnateke reglande for ugildskap etter § 6,1 ledd, e i forvaltningslova, vil dei etter dette regelverket vera ugilde.

Korkje ordførar, varaordførar, rådmann, kommunalsjefar eller einingsleiarar var medlem eller varamedlem i styre i dei kommunale selskapa pr. 31.12.2022.





Samfunnsansvar

Verksemder har ei viktig samfunnsrolle og påverkar samfunnsutviklinga og nærmiljøet som dei opererer i. Voss herad utøver sitt samfunnsansvar gjennom bl.a. etiske retningslinjer, overordna arbeidsgjevarpolitikk og ulike miljøtiltak.

Når det gjeld aksjeselskap og interkommunale selskap, er det styret i selskapa og føretaka som har ansvar for å ta hand om samfunnsansvaret. Gjennom vedtekne eigarprinsipp har kommunen klare formuleringar om at alle selskap skal ta eit samfunnsansvar. Voss herad som eigar legg til grunn at alle styre tek samfunnsansvar og at det er integrert både i dagleg drift og i strategiar. I tillegg til det generelle ansvaret, er det nokre forhold som kommunen legg vekt på i dialog med selskap og som kommunen ventar at styret tek med i sine vurderingar. Dette gjeld vurderingar knytt til arbeidsgjevarpolitikk, miljø, etikk og korrupsjon.

Status 2022:

	Korleis varetek selskapet sitt samfunnsansvar?
Voss Energi	Arbeidsgjevar-tilslutning via Samfunnsbedriftene Energi; tariffavtalar og arbeidsgjevarpolitikk, etiske retningslinjer Internkontrollsystem med instruksar og rutiner, HMS, vassdrag og miljø, kjeldesortering av avfall
Voss Parkering	Gjennom forvaltning av oppgåva kommunestyret har gjeve verksemda og etterlevelse av dei relevante lover og reglar som ligg til fagområdet. Drift av avgiftsparkering er i all hovudsak regulert i ulike lovverk og sakshandsaminga skal skje i samsvar med forvaltningslova.
Voss Eigedom	Planleggjer å bygge energieffektive bustader tilpassa ulike målgrupper og tilretteleggja for økt næringsverksemd. Det er ikkje utarbeida etiske retningslinjer. Arbeidsgjevarpolitikk er p.t. ikkje aktuelt for selskapet.
Hagahaugen	Selskapet varetek sitt samfunnsansvar i form av sosiale og miljømessige omsyn i den daglege drifta, ved å følge arbeidsmiljølova og andre eksisterande lover og reglar. Selskapet har på plass tilsettingsavtalar, stillingsinstruks for dagleg leiar, gode innkjøpsrutinar, avtalar med leigetakarane, jamlege personalmøter, leigetakarmøter og eigarmøter. Det er også etablert gode rutinar i høve styrearbeidet. Dei fleste tilsette er organiserte. Hagahaugen er med i Samfunnsbedriftene. Hagahaugen har etablert lokalt fjernvarmeanlegg, og har stoppa bruk av oljefyringsanlegget. Selskapet har ikkje utarbeidd etiske retningslinjer og arbeidsgjevarpolitikk.
Kveik	Kveik har utarbeidd etiske retningslinjer som vert evaluert og gjennomgått i tråd med sertifiseringskrav. Kveik har arbeidsgjevarpolitikk og personalpolitikk som vert evaluert årleg.
IHM	Gjennom vedtekter og godkjent strategiplan. Det er utarbeida etiske retningslinjer, arbeidsgjevarpolitikk, etc.
Stasjonsgarasjen	Har ikkje egne retningslinjer men følgjer dei som gjeld Voss herad og Banenor Eigedom AS



Dei kommunale selskapa som spydspissar i klimaarbeidet

VOS2 2050



Det er både naturleg og viktig at også arbeidet med å realisera Vossaklima 2030 vert satt høgt på dagsordenen i dei kommunale selskapa til Voss herad.

I det vidare arbeidet med å utarbeida eigarstrategiar for utvalde kommunale selskap vil målsetjingar og føringar lagt i Vossaklima 2030 verta eksplisitt nemnt. Men uavhengig av eigarskapsstrategiane er det rimeleg å kunna forventa at dei kommunale selskapa våre sjølve tek aktivt grep for å bidra i arbeidet med den grøne omstillinga.

Status 2022

	Aktivitetar som stettar opp om Vossaklima 2030
Voss Energi	- Opprusting/fornyng og utviding av eksisterande kraftverk - Planar for nye småkraftverk - Forsterking av elnett for å kunna ta imot solkraft - Skal stå for energiløysing ved «Biogassanlegg på Voss» - Deltak i finansiering av «Bømoen plussbygd. - Arrangerer «Energiveka» for ungdomsskuleelevar - Medarrangør på BLØME/ Vossadagane.
Voss Parkering	Nei, ikkje pt.
Voss Eigedom	Energi til prosjektet Vossogarden er planlagt løyst gjennom fjernvarme, spillvarme eller geotermisk energi, evt. kombinert med solcelleanlegg. Vidare vert det arbeida med å redusera straumforbruk i selskapet sine eksisterande bygningar.
Hagahaugen	Hagahaugen har teke aktive grep for å bidra i arbeidet med grøn omstilling. Sjå tiltaka i punktet over. Berekna energireduksjon er 111.000 kwt eller 16% av samla forbruk i selskapet. Selskapet har Multiconsult AS har gjennomført ein kartlegging og analyse av energiforbruk for bygningsmassen på Hagahaugen. Resultata av kartlegginga var nytta som grunnlag for dei enøktiltaka som er gjennomført. - Jordvarme er etablert - Nytt ventilasjonsanlegg, som vil spare monaleg med straumbruk. - 9 vindauga er skifta for betre inneklime og betre enøk. - Solceller på tre tak vil bli installert i løpet av august 2023 - Ny straumsparende belysning er montert i basseng og gangar
Kveik	Ikkje rapportert
IHM	- Biogasssatsinga vil gje reduksjon av utslepp frå lokaltransport og landbruk. - Deltak i Klimapartner Vestland og utarbeider klimarekneskap - ISO 14001:2015 sertifisert
Stasjonsgarasjen	Nei



TILBAKEMELDING FRÅ SELSKAPA



Voss Energi AS

Voss Energi er eigd 100% av Voss herad.

Årsresultat	2019	2020	2021	2022
Tal i millionar kr, (før skatt)				
Konsern	27.763	23.026	60.263	168.547
Morselskap	11.724	53.168	20.112	14.925

God økonomi. Ingen merknader til årsmelding og rekneskap

I 2017 vart Voss energi omdanna til konsern med ny selskapsstruktur. Dette som ein naturleg konsekvens av endring i energilova. Voss energi har 5 ulike dotterselskap og er dessutan medeigar i Bulko Kraft AS, Næringshagen i Voss og Hardanger, Vossaløysinga AS, Validér AS og Kitemill AS.⁶

Selskapet sitt føremål er å eiga selskap som driv energiforsyning, herunder produksjon, omsetnad og distribusjon av elektrisk kraft og andre energiformer, samt breiband/ fiber og det som elles står i samband med dette. Selskapet kan og eiga, delta i eller samarbeida med andre selskap som driv med denne type verksemd eller som driv verksemd som har naturleg tilknytning.

Det vart gjennomført funksjonelt skilje mellom nettselskapet og dei andre selskapa i konsernet frå 01.01.2021, og frå 01.01.2022 skifta nettselskapet namn til Vonett AS. Reguleringsmynde for energi (RME) har imidlertid pålagt nettselskapet å skifta namn då dei meiner Vonett ikkje skil seg tilstrekkeleg frå Voss Energi. Pålegget er innklaga til Energiklagenemnda, og saka er såleis ikkje avslutta.

Viktige hendingar i 2022:

- Russland sin krig mot Ukraina påverka energi- og kraftmarknaden i Europa og Norden. Det vart svært høg kraftpris gjennom heile året, spesielt høg i august og september
- Oppstart på reparasjon/forsterking av røyrgate og dammar Hodnaberg/Torfinnsvatn
- Forsterking av elnett og auka overføringskapasitet mellom Voss og Bjørkelid transformatorstasjonar.
- Vidare utbygging av fibernett.
- Påkopling av nye kundar til fjernvarmenettet

Planar 2023/ 2024:

- Reparasjon/forsterking av røyrgate og dammar Hodnaberg/Torfinnsvatn
- Gjennomføra overføring av Svartavatn til Torfinnsvatn.
- Gjennomføra investeringar for å førebu og knyta til nye utbyggingar i kommunen
- Fornyng og forsterking av gammalt linjennett
- Vidare utbygging av fibernett i kommunen

Aktuelle utfordringar som vert lyfta fram av Voss energi er fall/ svingingar i nivå for framtidig kraftpris.

⁶ Vonett AS (100%), Voss energi kraft AS (100%), Voss energi Produksjon AS (100%), Voss fiber AS (80%), Hordaland Bioenergi AS (100%. Medeigar i Bulko kraft AS (18,85), Næringshagen på Voss (23,81%), Vossaløysinga AS (7,7 %), Validér AS (1,4 %) og Kitemill AS (< 1.6%).



Voss Parkering AS

Voss Parkering er eigd 100% av Voss herad.

Årsresultat	2019	2020	2021	2022
Tal i millionar kr (før skatt)	2.495	1.049	2.241	2.204

Merknad: Nedgang i aktivitet grunna Covid 19 gjev utslag i realisert årsresultat 2020.

Voss parkering skal stå for bygging og drift av parkeringsanlegg i Voss herad, og medverka til å redusera trafikkbelastninga i sentrumsområdet, og til å utvikle gode tilbod for gåande og syklende. Selskapet skal medverka til istandsetting, tilsyn, vedlikehald og utvikling av Vossevangen som regionsenter.

Viktige hendingar i 2022:

- Etablering av Voss Parkering Vest AS, som har inngått driftsavtale med Stasjonsgarasjen AS. 2022 var første driftsår. Første driftsår var eit oppstartår med ulike utfordringar som det gjennom 2023 vert arbeidd med å forbetre og vidareutvikla.
- I tillegg har det gjennom 2022 og 2023 vore arbeidd med ein lekkasje i Vossapark, og der det sommaren 2023 er utført eit større reparasjonsarbeid. Det må vurderast å gjere meir arbeid i samband med denne lekkasjen, men det må i så fall gjennomførast av eigar av arealet Voss herad stå for.

Planar 2023/ 2024:

- Fullstendig gjennomgang av skiltplanar og oppdatering av evt manglar og av planer som bør reviderast.

Voss Parkering ser utfordringar knytt til:

- Verksemda har relativt høg gjeld i samband med bygginga av Vossapark. Dette medfører at auke i rente gjev store negative konsekvensar for verksemda sine økonomiske resultat. Svingningar i rentenivå medfører utfordringar.





Voss Eigedom AS

Voss eigedom er eigd 100% av Voss herad.

Årsresultat	2018	2019	2020	2021	2022
Tal i tusen kr	971	375	826	1.466	283

Ingen merknader til årsmelding og rekneskap

Voss Eigedom skal vera Voss herad sin føretrekte samarbeidspartnar og pådrivar for utviklinga av nye strategiske utbyggingsområde og prioriterte offentlege utviklingsprosjekt i kommunen. Selskapet skal gjennom utvikling, sal og forvaltning av eigedom bidra til verdiskaping for eigar og samfunn.

Viktige hendingar i 2022:

- Kontrollutvalet i Voss herad starta eigarskapskontroll av Voss Eigedom AS i mai 2021. Vestlandsrevisjon leverte endeleg rapport til Kontrollutvalet september 2022. Det er fatta vedtak i Voss heradsstyret om at Voss Eigedom skal avviklast.

Planar 2023/ 2024:

- Fullføra detaljregulering og iverksetta prosjektering av prosjekt «Vossogarden.
- Avhende eigedommen Uttrågata 15
- Planer for bustadbygging og etablering av nye næringsverksemder på Tvildemoen
- Sal av næringsareal i Voss Næringspark Istad.

Voss Eigedom peikar på at selskapet har låg kapitalbase og lite personalressursar i høve til planlagde oppgåver som dei største utfordringane framover.





Hagahaugen AS

Hagahaugen er eigd 100% av Voss herad.

Årsresultat	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Tal i tusen kr	552	-794	-116	578	129	-553

Merknader til rekneskapen: Rekneskapen syner eit underskot 553.506 før skatt for 2022. Resultatet kjem etter direkte årleg kapitaltilskot frå Voss herad på kr 4.500.000 og ytterlegare kr. 4.000.000 i ekstraordinært tilskot.

Viktige hendingar i 2022:

- Nei

Planar 2023/ 2024:

- Voss heradsstyre har bedt om at Hagahaugen AS vert avvikla i 2023.

Hagahaugen peikar på fylgjande utfordringar for selskapet:

Voss herad bad styret i 2020 om å starte arbeidet med å definere framtida for Hagahaugen AS. Styret har levert si innstilling. Voss herad har i 2021 signalisert at Hagahaugen AS ikkje skal bruke meir tid og ressursar på å utvikle eigedomen som selskapet eig. Heradet har bestemt at eigedomsmassen skal nyttast til eige bruk





KVEIK AS

Voss herad eig 70,63% av aksjane. Øvrige aksjonærar er Vestland fylkeskommune (23,34%) samt nokre småaksjonærar.

Årsresultat	2018	2019	2020	2021	2022
Tal i tusen kr	522	352	988	1.310	223

Omorganisering til to selskap har vore krevjande med direkte økonomiske konsekvensar.

Med ein inkluderande og open kultur skal Kveik skapa grunnlag for attføring av arbeidstakarar, og dessutan etablera berekraftige tiltaksplassar, slik at alle aktørar i arbeidslivet, pårørande og samfunn ser verdien i arbeidet Kveik gjer.

Viktige hendingar i 2022:

- Kveik as omorganisere frå og med 01.11.22 etter krav frå NAV. Nytt selskap Kveik formidling AS , 100% eigd av Kveik AS.
- Kveik AS vart i GF 31.05.22 endra med fylgjande tillegg. «Som eit ledd i attføringsverksemda kan selskapet delta i andre selskap, driva formidling av arbeidskraft, og utleige av tilsette og fast eigedom»

Planar 2023/ 2024:

- Fokus på marknadsføring for begge selskap og fokus på produktutvikling og nye tenester me kan tilby
- Fokus på miljø og FN sine berekraftsmål

Aktuelle utfordringar:

Kveik as har gjort store grep med omsyn til å verta meir synleg i lokalsamfunnet vårt. Ny heimeside og meir digital marknadsføring er viktige verkemiddel for at både lokale verksemdar og enkelt mennesket kjenner til oss. Me må også i langt større grad etablert eigne tilbod i Kveik AS og ikkje berre vere ein leverandør for NAV.





Indre Hordaland Miljøverk (IHM)

Voss herad eig 88,86 av aksjane. Øvrige aksjonærar er Eidfjord (5,08%) og Ulvik (6,06%).

Årsresultat	2018	2019	2020	2021	2022
Tal i MNOK (før skatt)	-9.2NOK	-0,597MNOK	-2,1 MNOK	7,9 MNOK	-7,9

IHM har som føremål å driva lovpålagt renovasjon til hushald. I tillegg har IHM renovasjon for næringskundar som er ein konkurranseutsett del av verksemda. IHM forvaltar verdiane i avfallet til ombruk og gjenvinning, yter informasjon og rådgjevingstenester og deltek i haldningsskapande arbeid.

Merknader til årsmelding og rekneskap

Rekneskapen er gjort opp med eit underskot på MNOK 8 før skatt. Dette er resultat av prinsippending i føring av pensjonsforplikting, MNOK 9,85. IHM har i 2022 hatt inntekter på om lag MNOK 71,7, ein reduksjon på 9,3% samanlikna med året før, og 7,56% over budsjettet.

Driftskostnadane er på MNOK 79,8, ein auke frå 2021 med 15%. Kostnadane er 23% høgare enn budsjettet. Ser ein bort frå prinsippendinga knytt til pensjonsforplikting, er driftskostnadane 1% høgare enn i 2021, og 8,1% høgare enn budsjettet. Gebyrinntekter utgjer 48,77% av totale inntekter og 2% høgare enn i 2021. Andre driftsinntekter har gått ned med 16,7% samanlikna mot fjoråret, men 13,2% høgare enn budsjettet.

Innsamling, transport og handsaming av avfall utgjer 35,7% av samla driftskostnader, 16% meir enn budsjettet. Personalkostnader er 32,9% høgare enn budsjettet, ser ein bort frå prinsippending av pensjonsforpliktingar er personalkostnader 3,8% lågare enn budsjett og 5,5% lågare enn fjoråret. Avskrivningane er 12,6% lågare enn 2021 og utgjer 5,7% av driftskostnadene.

Viktige hendingar i 2022:

Intensjonsavtale med BIR AS om fusjon av IHM og BIR

Planar 2023/ 2024:

Omdanning frå IKS til AS og fusjon med BIR AS.





Stasjonsgarasjen Voss AS

Voss herad eig 50% av aksjane, Banenor Eigedom AS 50%.

Årsresultat	2021	2022
Tal i tusen (før skatt)	82	360

Selskapet Stasjonsgarasjen AS vart stifta den 6. oktober 2020. Selskapet sitt vedtektsfesta føremål er å oppføra, eiga og leiga ut parkeringsanlegg, og anna verksemd beslekta med dette.

Viktige hendingar i 2022:

Ingen spesielle

Planar 2023/ 2024:

Ingen spesielle





Bokførte verdier i Voss herad per 31.12.2022

Bokførte verdier i Voss herad per 31. desember 2022 utgjør omlag 219 millioner kroner.

Verdiane er fordelt slik:

NAMN	2022
Aksjar Voss Energi AS	59 000 000
Aksjar Voss Parkering AS	14 980 708
Aksjar Stasjonsgarasjen Voss AS	19 000 000
Aksjar i Voss Eigedom AS	20 050 000
Aksjar i Hagahaugen AS	10 551 000
Aksjar Kveik AS	1 427 060
Andel i Indre Hordaland Miljøverk	66 600
Andel tilfluktsrom Voss Stasjon	140 000
Aksjar Kinoalliansen AS	5 000
Aksjar i Biblioteksentralen	900
Aksjar BKK	37 672 369
Aksjar i Vann Vest AS	5 000
Boktrykk/Norsk skjemaforlag	700
Aksjar i Husfliden	2 500
Andel Rogne burettslag	86 800
Andel Finne burettslag	32 900
Andel Fredheim burettslag	1 102 500
Andel Myrkdalen vassverk	68 000
Andel tilf.pl. Eide bygg	215 713
Aksjer i Storebrand	807 540
Aksje i kommunekraft	1 000
Business region Bergen	36 000
Aksjar interk.arkiv	105 000
Andel Bolstadelva	699
Næringshagen i Hardanger	10 000
Dag og tid	250
Reismål Hardanger AS	30 000
KLP egenkapitalinnskott	47 207 122
Andel Tverrbergvegen	41 830
Vestlandsrevisjonen IKS	6 082 206
SUM	218 729 397